


# HYRDINGEN

NR. 2

April 2011

ÅRGANG 53

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## Elias Blix – Ei 175-årsmarkering

Av Harald Eintveit

Side 10



## Skjold kyrkje har fått eit flott orgel

Innviing og konsert

Side 8



**God Påske!**



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3243 05 05202  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedrelid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89  
Kontortid: Tys 9-15  
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen  
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534  
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

##### **Martin Ivar Arnesen**

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571  
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97  
Kontortid: Tor 9-15

##### **Forværelse:**

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

##### **Prostiprest/fengelsesprest:**

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

##### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Kari Vik Stuhaug  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Elin Frøyland

# **Prosten har ordet**

ved prost Arne O. Øystese



# **Jesus - Dødens overmann!**

*Tekst: Matteus 28,1-8*

For nokre år sidan, hadde eg ei av mitt livs aller største opplevingar. Saman med ein del kolleger, var vi i Sør Afrika. Denne spesielle dagen bar reisa til Kapp det gode Håp; sydspisen av Afrika. Å stå på det svært fjellplatået og sjå det mektige Atlanterhavet møta Det indiske hav, var eit syn eg seint gløymer.

For om lag 1000 år tilbake visste knapt nokon i vår verdsdel kva som var på den andre sida av Afrikas sydspiss. Alle sjøfarande hadde ein veldig respekt for dette farvatnet. For alltid syntes det å rasa store stormar her. Mange skip hadde med mannskap og offiserar enda sine dagar der i det veldige uværet. Difor hadde sydspissen av Afrika fått namnet "Stormodden".

- På 1500-talet sigla portugisaren Vaco Da Gama forbi "Stormodden". Han kunne seinare fortelja at på den andre sida var det eit veldig hav med stille vatn – sjøvegen til India. Difor vart namnet på Afrikas sydspiss endra til: "Kapp det gode Håp".

- Før Jesus stod opp frå dei døde, var døden - med sine fryktelige følgjer - livets stormodde, kor alle menneske var utan håp. Men i lys av Jesu oppstode frå dei døde, er vår situasjon radikalt endra. Jesus har gjort død til liv for oss! Jesu kross er "stormodden", der han tok all vår synd og skuld på seg, og gjorde den evige død til inkjes. I lys av det Jesus gjorde, er krossen med Jesu oppstode frå dei døde, blitt vårt håp – eit levande håp! For alle dei som trur på Jesus som Frelsaren.

Der er ein nøye samanheng mellom

Langfredagens mørke og Påskedagens lys. Langfredag med liding og død gjev ikkje meinig utan oppstoda Påskedag. Tilsvarande blir det feil kristent sett å feira Påske som ein fest for livet – utan å ha med kva som er grunnlaget for Jesu oppstode – at han døydde for oss på krossen. Krossen, vårt viktigaste kristne merke, er difor både ein stad der mine synder vart borne opp av Jesus, som sona all mi synd og skuld. Men krossen er også staden som vitnar om at alt er tilgitt. I lys av oppstoda påskedagen, blir difor krossen også vårt sigersmerke – slik dei gamle uttrykkte det:

"Ver helsa kross, vår einaste von!"  
Difor er det all grunn til å ta fram påskehelsinga, slik apostelen Peter har formulert den: "Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristis Far, Han som i si store miskunn har etterfødd oss til ei levande von ved Jesu Krsitis oppstode frå dei døde!" (1. Peter 1,3). Ei helsing som kom til oss på dåpsdagen vår. Ei helsing som lyder ved kvar gravferd. - Lat denne helsinga bli ord, som du og eg lever i og set vår von til midt i livet med sine mange og skiftande utfordringar.

Salmediktaren Grundvig seier det slik:  
"Takk for all din fødsels glede, takk for alt ditt guddomsord, takk for dåpens hellig væte takk for nåden på ditt bord.  
Takk for dødens bitre ved, takk for din oppstandelse, takk for himlen du har inne, der skal jeg deg se og finne."  
(Norsk Salmebok nr 172, vers 7)

Gledeleg påske!

Arne O. Øystese

# **Bladpenger for Hyrdingen**

Takk til alle som har betalt inn bladpengar for Hyrdingen. Til nå er kome inn ca kr 97.000,- fra 390 av dei som mottek kyrkjebladet i posten, men vi treng noko meir. Denne frivilige kontingeneten gjer det mogeleg å senda bladet til alle husstandar i kommunen. Kvart nummer går til omlag 3300 postkassar. Difor er vi frimodige og oppfordrar fleire av dei som mottek bladet til å betala inn kr 250,- pr år til bladet sin girokonto: 3243.05.05202.

# Redaksjons-pennen

Av Steinar Skartland

Ute i hagen min har det teke til å spira og gro, så smått. Snøklokkene er tidleg ute. Dei bryr seg ikkje om at det er kalde netter, når berre vårsola får skina litt. I vårsalmen over alle vårsalmar "No livnar det i lundar", skriver Elias Blix:

Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord  
og etter som eit under  
nytt liv av daude gror.

Det skjer kvar vår. Om vinteren har vore kald og lang, og bjørka står der brun og svart, så kjem våren som han alltid plar gjera. Frøa som fall frå tre og planter har overvintra i jorda. Nå kjem sola og dei spirer og veks. Snart kjem det brune og mørke til å endra farge og form. Tre, gras og blomar kjem i vekst og vi kan gle oss over det flotte skaparverket. Vi får hug til å syngja og lovprisa eller til å bøya oss ned og stella godt med desse spirene som veks opp.

Det hender at vi menneske opplever mørke dagar. Det kan vera dødsfall og hendingar som går inn på oss. Kanskje det er ei ugreie mellom menneske som gjer det vanskeleg? Kanskje berre dagane blir slik at tunge og vonde tankar fyller sinnet. Då kan det vera godt å ha ei hand å halla i. Nokon som bryr seg. Nokon som har tolmod med ein og ikkje vender ryggen til. Nokon som har tid til å lytta eller berre å vera der. Ikkje gi deg opp, men hjelpa deg til å få attende vona. Så kan ein saman få oppleva våren og sola som kjem attende. Hjelp til å sjå gleda i dei små hendingane i kvardagen, og kan hende stemma i med Blix:

Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong.

Påske minner oss på ein annan vår. Han som sigrar over døden og stod opp frå grava. For oss. Og ved hans sår har vi fått lekedom. Det er fullbrakt! Ei gava til kvar som tek imot.



# 11-årsweekend på Brandøy

4-6. februar var 11-åringar frå Vikebygd, Skjold og Vats saman med jamnaldringar frå Skjoldastrumen og Nedstrand på vinterweekend på Brandøy. Dette var 5. året weekenden ble arrangert, og den har fått svært god oppslutning. Om lag 60 deltakarar og 10 leiarar var med på arrangementet som er eit samarbeid

mellan kyrkjelydane og NMS. Tema for weekenden var "Venner for livet", og på programmet stod både bibeltimar, misjon og sosialt fellesskap med forskjellige aktivitetar.

Tekst og foto: Martin Ivar Arnesen  
Sokneprest



Instruksjon i bruk av blåserøyr frå Madagaskar.

## Konfirmantar: Imsland, Sandeid og Vikedal



Dette årets konfirmanter for Imsland, Sandeid og Vikedal har vore delt opp i grupper: Friluftsgruppe, Sang og musikkgruppe og Diakonigruppe (Konfirmantene veksle på grupper vår og haust).

Diakoniutvalget i Sandeid og Vikedal har i høst og etter jul hatt med seg konfirmanter når vi har vært på besøk på sjukeheimene i Vats, Ølen og Eldrestova i Vikedal. Vi har vært to ganger i Vats, en gang i Ølen og Eldrestova i Vikedal.

Før besøkene hadde vi samlinger for konfirmantene for å planlegge besøkene.

Det har vært to ulike grupper konfirmanter, og det viste seg å bli svært vellykka besøk. Konfirmantene presenterte seg for beboerne på sjukeheimen og eldrestova, og oppdaget at mange av dem

kjente både besteforeldre og foreldrene.

Vi starta besøket med at en fra diaconiutvalget holdt en andakt. Ellers sto konfirmantene for underholdningen med bingo, gåter og konkurranser om å huske sanger/ salmer når en fikk lest opp en linje fra for eks. andre verset. Det var populært. Så hadde vi og bevertning med kaffe, kaker og saft. Konfirmantene oppførte seg veldig fint, det skal de ha ros for!

27 mars skal de være med og delta i familiegudstjeneste og hjelpe til med kirkekaffen i Vikedal.

Takk til alle konfirmantene som deltok, det var en fornøyelse å ha dere med.

For Diakoniutvalget i Sandeid og Vikedal, Elisabeth Guldhaug.



Kåre og Målfrid Berge i nærkontakt med Poket-folket i Nenya

# Kåre og Målfrid Berge i nærkontakt med misjonen i Kenya

På rundtur i Afrika nyleg møtte me Målfrid og Kåre Berge frå Ølen. Dei var i Kenya for å finna spor etter norsk bistands- og misjonsarbeid. Me møtte dei då dei var innom bibelsenteret i Kapenguria som er base for arbeidet i vest Pokot der Misjonssambandet starta opp arbeid 1979, men no har trekt seg ut. Her oppe på høgsletta inne mellom høge fjellparti, bur eit fattig folkeslag med svært primitive buforhold.

Kåre Berge fortel at det dei såg gjorde sterkt inntrykk. I dei knapt 30 åra misjonen dreiv arbeid i Pokot-distriktet, har dei med hjelp av norsk bistandsmidlar bygd mange skular og kyrkjer som har gitt folket eit sosialt og åndeleg løft. I

Kapenguria vart det bygd bibelsenter for utdanning av evangelistar og pastorar. Alt dette arbeidet er no overlevert til den lokale lutherske kyrkja, men enno får dei litt hjelp frå Norge til fagleg rettleiing og undervisning.

Ellev tusen er blitt døypt i Pokot-distriktet desse åra, og tjue tusen står på ventelista for å bli døypt når dei har fått dåpsopplæring. Misjonsfolket i Norge har fått vore med på noko stort, seier Kåre Berge oppglødd over det dei fekk sjå.

Men fattigdomen er framleis stor. Det kosta 2.500.- kroner å halda ein elev på vidaregåande skule i ett år. Og legehjelp og sjukehusopphald må dei betala sjøl.

Mange har ikkje desse pengane, og må gi opp utan å få nødvendig hjelp.

Saman med Kåre og Målfrid Berge møtte me også pionermisjonærane Magni og Bjarne Taranger frå Bømlo. Det var dei som saman med andre starta nybrotsarbeid i Pokot-distriket: Chesta og Kapenguria på 1970- og 80-talet. Magni som ofte er tilbake i Kenya, hadde med gaver som ho delte ut til dei mest trenngjande som ho hadde fått frå skuleklassar og vanlege folk i lokalsamfunnet heime i Norge. Det var rørande å vera vitne til den gleda som fløyde over då hjelpa nådde heilt fram. Slik hjelp er med på å kveikja lys og tørka tårer.

Gerhard Vik

# *Konfirmantweekend på Brandøy*



Den årlege konfirmantweeknden for Skjold, Vats og Vikebygd fann stad på Brandøy 18-20.februar. Til saman var vi over 45 konfirmantar og leiarar samla til undervisning og sosialt fellesskap, leik og alvor.

## *Basar og dugnad på Sandeid Bedehus!*

Styret i Sandeid Bedehus takker for god støtte til gevinster, gjennomføring og delkelse på bedehusbasaren 2010. Basaren som ble avholdt i slutten av november samlet store og små. Foruten utlodning av masse fine gevinster og servering, underholdt 3-4 klasse på Sandeid Skule med sanginnslag. Basaren samlet inn nesten 40 000.- kroner som skal brukes til aktiviteter, drift og vedlikehold.

Det pågår for tiden omfattende oppussing og vedlikehold innvendig og utvendig på bedehuset. Innvendig skal det males og utvendig skal taket på tilbygget renoveres grunnet omfattende lekkasjeskader. Foruten god dugnadsinnsats av bygdefolket har det også vært foretatt kronerulling som innbrakte sårt tiltrengte midler for å ruste opp bedehuset for fremtidig bruk.

Styret vil med dette takke alle hjertelig takk for bidragene i form av gevinster, pengaver og dugnadsinnsats.


For styret, Margun D. Stople



## *Misjonssambandet: Krinsar blir til regionar*

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) har til no vore organisert med krinsar med eigne styrar. I det siste er det gjennomført store omorganiseringar. Vårt område høyrd til Haugesund krins fram til 31.12.2010. Frå starten av det nye året er det etablert ein større region som omfatter Haugesund og Stavanger krins. Regionen går heilt frå grensa til Vest-Agder og inn til Hardanger og har fått namnet Region Sørvest. Regionleiar er Birger Helland.

# Å vandre under Guds velsigning



## *Prostidag og Fellesgudsteneste - Imsland 2. juni*

Trusvandring kl. 10:00, Gudsteneste kl. 12:00

Livet er ei vandring frå vogge til grav. For den som lever under Guds velsigning, er det ei vandring etter Kristus, og med Han som seier: "Følg meg!"

Kristi Himmelfartsdag; 2. juni i år, ønskjer me å synleggjere dette ved Imsland. År om anna har vi i Nordre Ryfylke prosti (som omfattar kommunane Vindafjord, Suldal og Sauda) tradisjon for å ha ei gudsteneste for heile prostiet. Difor er alle våre 13 kyrkjelydar hjartelag velkomne til denne tidlege sommardagen ved Imsland!

### **Trusvandring i Imsland**

Frå kl. 10.00 blir det trusvandring –med 6 ulike stasjonar – frå Bygdahuset ved riksvegen – mot Imslandsjøen – der Imsland kyrkje er den 7. stasjonen.

Familiar – unge og eldre blir utfordra til å bli med på denne vandringa. Det blir oppgåver å løysa, for borna, på dei ulike stasjonane.

På vandringa langs elva ned mot Ims-



landsjøen, skal me stanse opp, bruke kroppen og sansane våre og minne oss sjølv og kvarandre på sentrale ting i trua vår og livet vårt. Obs! Ta med sitjeunderlag og spikkekniv!

I ei tid der trusopplæring er ein sentral del av kyrkja sitt arbeid, og sterkt prioritert på alle plan, ynskjer me at denne trusvandringa kan vere ein ”forsøksgard” for kyrkjelydane våre: slik det blir gjort i Imsland denne dagen, slik vil me og gjere noko liknande i vårt lokalmiljø.

Kom difor til Imsland denne dagen!

#### Felles gudsteneste for prostiet

Kl. 12.00 samlast me så i den 150 år gamle Imslanskirken. Tema for Kristi Himmelfartsdag i år er nettopp Jesu velsigning, som Han gav læresveinane sine før Han for til sin himmelske Far (Lukas 24, 46- 53) Då dette er preiketekst for dagen, vil biskop Ole D. Hagesæther også gjere dette til tema for preika si i familiegudstenesta. La oss fylle kyrkja til siste plass!

#### Matøkt og foredrag

Etter gudstenesta blir det ei felles matøkt ved Imslandsjøen. Av praktiske grunnar ber me kvar enkelt ta med seg nistepakke og drikke, Mineralvatn, is m.m. vil bli å få kjøpt.-

Biskopen vil så halde eit mini-foredrag, der pilegrimsvandring blir tematisert.

Samla vil denne dagen ta om lag 4-5 timer. Planlegg alt no å delta! Fortel det til andre! Å sjå mange samla frå dei ulike sokna våre, gir oss inspirasjon i arbeidet i Guds rike, og styrker fellesskapet mellom oss !

Me vil oppfordre alle som kan, å la bilen stå oppe ved riksvegen og bruke beina dei to kilometrane ned til Imslandsjøen. Dei som ikkje ynskjer å vere med på trusvandringa, kan gå på bilvegen ned til kyrkja. Det vil bli organisert bilskyss for dei som ikkje er i stand til å gå.

For å spare miljøet, oppfordrar me også folk til å fylle opp bilen og køyre saman denne dagen.

Utvalet for ”Pilegrimsarbeid og retreat” i prostiet, har ansvaret for denne dagen. Ingerid Aadland i Ølen, Wenche Nygård og Eirik Moe i Suldal, Sjur Ingvar Holgersen i Sauda er saman med prosten i dette utvalet. Ta gjerne kontakt med ein av oss om det er noko du lurer på.

Ingerid Aadland

# Konfirmantar våren 2011

## Sandeid 1. mai kl 11.00

Håvard Edvartsen Backlund  
Olav Bakkedal Bjelland  
Ingelin Staknes Hauge  
Tor Andre Helgevold  
Bjørn Magne Hårde  
Ole Johannes Jansen  
Camilla Laugaland Larsen  
Kristina Lærdal  
Morten Kaldheim  
Asbjørn Hustvedt Lærdal  
Martin Lærdal  
Rasmus Lærdal  
Anders Matre  
Anders Mattingsdal  
Anders Lint Moland  
Kristoffer Apeland Stople  
Toralf Stople  
Torstein Stuhaug  
Bjørnar Svantesvoll  
Henrik Vestbø Tokheim  
Liv Vestbø

Jøtne Sjur-Ola  
Krakk Trude  
Mballow Celine Aida  
Myhre Ragnhild Nesheim  
Nesheim Arnt Olav  
Tjeltveit Kristoffer

## Skjold 14. mai kl 11.00

Eigestad Anna Kristine

## Skjold 15. mai kl 12.00

Eide Ola Haraldseid  
Eriksen Ingeborg Nonslid  
Fjellheim Maria  
Holi Erika  
Hustoft Dan-Sondre Nesheim  
Hustveit Aina  
Håvardsen Astrid Helene Nonslid  
Krakk Gjertrud  
Madsen Aleksander  
Nielsen Serina Bratland  
Solli Jonathan

## Ølen 15. mai kl 11.00

Berge Lill  
Berge Renate  
Dalen Lars Martin  
Eidsheim Daniel  
Eikjeland Serine  
Ekrheim Kristiane Bråteit  
Fatland Ole  
Grindheim Henry  
Havsgård Kristin Mosdal  
Heggen Henning  
Helgesen Kenneth  
Hundhammer Magnhild  
Hundhammer Astrid  
Håland Amalie  
Lothe Kristian Hellervik  
Slåke Anna  
Stople Håkon  
Øglænd Geir Kvamme  
Øverland Vegard Wåge  
Øvernes Ole Gunvald

## Imsland 15. mai kl 11.00

Anette Imsland Birkeland  
Bård Ersland  
Mari Ersland  
Helge Hummervoll  
Sondre Kvaløy  
Hanne Øvregård

## Bjøa 8. mai kl 11.00

Bjørnø Stian Teimann  
Knutsen Thea Eikehaugen  
Sandsgård Ann Elen  
Sandsgård Åshild Vee  
Schlanbusch Andreas Mjelde  
Sælevik Gaute Toadalen  
Torsen Håkon Oma

## Vikebygd 22. mai kl 11.00

Ida Dommersnes Einarsen  
Markus Erdal Hoel  
Bendik Maurangsnes  
Marie Mortveit  
Ingevig Skartland Svendsbøe  
Aslaug Vårvik  
Stian Legøy Årvik

## Vats 7. mai kl 11.00

Fatland Hege  
Frøland Martin Velde  
Gjerde Bjarte  
Hjorteland Kristin  
Hustoft Kamilla Eike

## Vats 8. mai kl 11.00



# *Skjold kyrkje har fått eit flott orgel*

Tekst og foto: Steinar Skartland

Sundag 27. mars var ein festdag i Skjold kyrkje. Ein dag då det nye og etterlengta orgelet til 3,75 mill. kroner skulle innviast med gudsteneste og konsert. Bjørn F. Boysen, konsertorganist og professor i orgel frå Norges Musikkhøgskole, hadde ære av å framföra den første konserten på dette orgelet.

## Ei musikalsk festgudsteneste

Tonane av frå det nye orgelet i samspel med unge Sveinung Kalstveit på trompet, breidde seg ut over kyrkjerommet før klokkaren leia ein prosesjon med alle borna i sundagsskulen. Dei skulle få syngja i denne festgudsteneste. Bakerst kom sokneprest Martin Ivar Arnesen og prost Arne O. Øystese, som hadde talen. Det var Maria bodskapsdag og det høvde godt for prosten å minna om Maria sin lovsong i ei slik gudsteneste der musikk og song fekk stå i sentrum. –Endeleg er kyrkjebygget fullført. Orgelet,

dronninga blant alle instrument og med eit større tonefang enn noko anna, driv oss til lovsong, sa prosten i talen. –Orgelet skal fylgja skjoldabuen, i slektsledd etter slektsledd, i glede og i sorg.

Organistane, Juri og Nelly Kotkovitch delte på både å spela til salmane og å dirigera 'Prosjektkoret' som var etablert i høve innviinga.

Elin Frøyland, leiar i Skjold sokneråd, takka alle som hadde vore med i arbeidet for å få til dette orgelet. Ein formidabel innsats der Liv Svendsen har vore eldsjela som har stått i spissen gjennom 11 år. At bygda har klart å samla inn heile to millionar kroner er ei bragd, ikkje minst med tanke på at dei rett før branen hadde stått for innsamling av ein million til orgel i den førre kyrkja og. Soknerådsleiaren siterte Liv Svendsen sine ord: - Eg kan ikkje få sagt kor mykje alle har støtta opp med penger. -Eg har aldri fått eit nei! Og Svendsen stråla som ei sol både då ho mottok lovord for den store innsatsen og då ho delte takk

og gav til dei danske orgelbyggjarane.

Elin Frøyland takka også alle lag, foreiningar og private som har støtta, og ikkje minst kommunen, som har gjeve 1,5 millionar til orgelet. Heilt i sluttfasen av innsamlinga vart nemnd samde om å skaffa midlar til ei ekstra stemme utover det budsjetterte. Også det lukkast.

## Orgelkonserten

Bjørn F. Boysen har vore orgelkonsulent og saknunnig i arbeidet med nytt orgel i Skjold kyrkje. Det var difor naturleg at det var han som skulle få ha den første konserten i kyrkja. Boysen er i dag professor i orgel og han virkar både som utøvar og pedagog. Han er rekna som ein av dei fremste konsertorganistane i landet med turnear både i Noreg og i utlandet. I dag er han organist ved Oslo Konserthus. -Den danske orgelbyggjaren Carsten Lund sitt tilbod var vald både fordi dette var det beste tilbodet og at han hadde eit forslag som passa som hand i hanske med kyrkjerommet. Det var det mange

som samtykte i. – Det ser ut som om orgelet alltid har vore der, vart det sagt.

-Talet på stemmer er passande for denne kyrkja, kommenterte Boysen som var svært glad for at den 21. stemma vart vald. -Orgelet er veleigna både til konserter og til gudstenestebruk.

- Konserten er lagt opp slik at de skal få oppleva ulike måtar å spela på dette orgelet på, sa Boysen i innleiing til konserthen. Og gjennom musikkstykket fekk han både visa oss kor flott eit instrument kyrkja i Skjold er utstyrt med og kor dyktig han er som musikar. Boysen vekta og at eit slik orgel ikkje berre er eit instrument. Her er bygd inn stemmer og tonar som gjer at ein kan spela alle instrument i orkesteret. Konsertprogrammet var samansett med musikk av J.S. Bach, Dieterich Buxtehude, Francois Couperin, Louis Vierne, Niels W. Gade og slutta av med Arild Sandvold sin Toccata over ”Din Rikssak Jesus være skal.”

Fleire bilete frå innviingsdagen ligg på: [www.hydriingen.no](http://www.hydriingen.no)



Prosjektkoret leia av Nelly Kotkovitch syng til orgelmusikk av Juri Kotkovitch

## Så kom orgelbruset!

Tekst og foto: Gunnar Listog

Seks skarskodde organistar av aller ypparste slag fylte kyrkerommet i Skjold kyrkje med tonar som aldri før har brusa så vakkert, så mjukt, så mørkt eller så ljost som under orgelkonserten 30. april.

”Nabo-organistane” våre, Michel Zelissen, Justin Vickery, Goos ten Napel, tidlegare skjoldaorganist Magne Bokn og våre eigne Juri og Nelly Kotkovich gav dei om lag 60 frammøtte musikaliske opplevelingar til å leva lenge på.

Skjoldfolket har fått eit musikalsk klenodium til ”vederkvegelse” for sjel og sinn.

### Rikhaldig konsert

Minikonsertane med dei seks organistane hadde ei rik og mangfaldig spennvidde og femnde frå store 1700-talskomponistar som Bach, Beethoven og Vivaldi til nolevande, moderne komponistar som Arvo Pärt og vår eigen Knut Nystedt.

Dei musikalske godbitane kom som perle etter perle frå det nye, nystemde orgelet, alt frå

”Preludium og Fuge i C-moll” av Bach, ”A Ground in Gamut” av Purcell til påskesalma ”Påskemorgen” slukker



Seks eminente organistar fekk kvar si velfortente rose av soknerådsleiar Elin Frøyland. Frå venstre: Michel Zelissen, Magne Bokn, Goos ten Napel, Justin Vickery, Nelly Kotkovish og Juri Kotkovitch.

sorgen”, som avslutta konserten.

Det var mange nøgde tilhørarar som kosa seg med litt svart kaffi og eit lite kakestykke etter den vel timelange konserten.

### Konsertorgel

”No har Vindafjord fått eit konsertorgel i ei konsertkyrkje,” uttalte ordførar Arne Bergsvåg under orgelinngviinga. Her sette han ord på draumen mange her i bygda

har hatt i perioden med ei orgellaus kyrkje. Ikkje berre vil instrumentet heve den vanlege gudstenesta, bryllupsfeiringa eller gravferdsseremonien, men no er tida kome der musikalske initiativ kan gje musikalske opplevelingar for mange, både i og utanfor kommunen. Musikk er balsam for sjel og sinn. Tonar frå det nye orgelet vil gje slik balsam.

Orgelbruskonserten denne kvelden gav dei frammøtte slik ”medisin”.

# Elias Blix - Ei 175-årsmarkering

## Stor salmediktar

Dette året er det 175 år sidan salmedikturen Elias Blix vart fødd. Jubileet vert markert på ei rekke stader i landet,- ikkje minst på heimstaden hans i Gildeskål. I det fylgjande gjev eg eit biografisk riss, samt ein kort omtale av salmeskatten hans,- som uttrykk for mi markering.

Elias Blix er ei av dei store skaparåndene i norsk salmediktningshistorie. Utan tvil toler han å verta nemnd jamsides Magnus Brostrup Landstad. I Nynorsk Salmebok frå 1925 er ikkje mindre enn 110 salmar i originalform komne med frå Blix si hand. I tillegg finn me heile 75 salmar som han har gjendikta. Desse tala er omlag dei same i Landstads reviderte salmebok. Norsk Salmebok har 51 salmar av Blix i originalform og 20 omsette.

## Identifikasjon og nærliek

For mange utgjer Blix-salmene diamantane i den kyrklege hymnologien. Særskilt opplever menneske med nær tilknyting til havet, fisket og jordbruket,- ja, til naturen generelt, at dei her møter ein poet som målber tankar og kjensler som lett let seg overføra på tilhøvet til Gud. Dei kvardagslege bileta Blix nyttar frå naturlivet heimanfrå med sol, ljos, vind og vekslande verlag og straumdrag og dei ulike årstidene skiftande og mangfaldige fargar, skaper identifikasjon og nærliek. Formidlingsformene er gjenkjennelege, skaper resonans og medfører dermed at sjølv bodskapen lettare når fram. I dette perspektivet skildrar han, samtidig på ein alltid bibelsk fundert måte, kristenlivet i medgang og i motgang, i kvardag og i høgtid, i liv og i død.

## Issmeltar

Elias Blix vart fødd 24. februar 1836 på garden Våg i Gildeskål prestegjeld. Mange av dei eldre sa at den 24. februar var St. Mattismesse-dagen. Frå denne tida skulle isen losna frå land, og våren med vokster og von var i vente. Dagen gav dei fyrtse varsla om at noko nytt var i emning. Lite visste nok mora til Elias Blix, Margrethe Våg, at han skulle verta litt av ein issmeltar i åndeleg meinings. Han skulle verta den som varsla at sommaren i Guds rike var nær.

## Trygge oppvekstkår

17. april vart han døypt i Gildeskål gamle steinkyrkje. Far hans døydde då guten berre var 3 år gammal, og Blix

sakna alltid far sin. Sjølv om stefaren, Ole Helgesen, var rettvis og oppofrande for dei alle, opplevde Elias at dei ”rette” borna fekk det største hjarterommet. Av den grunn kom han til å kjenna seg sterkt knytt til mor si, som han alle dagar sette høgt. Ho var menneskeleg, nær og varm, samtidig som ho lærde han om Gud og hans nådige nærvære i verk og vande.



Av Harald Eintveit

## Naturlivet skapte idérikdom

Som smågut opplevde han mange episodar som sette livet på spel. Juledagsmorgenon 1847 vart det reint ille. Dei hadde fått ny prest om hausten og alle skulle avstad på kyrkjeferd over fjorden. Turen gjekk over Mårnes, Våg og Leikanger (Reidar Bolling: Elias Blix, side 19). Så bryggja det opp til uver med sterkt snøfall. Båten med stefaren og folket hans nådde land, men ikkje båten frå Sør-Arnøy. Snødrevet var tett og dei såg lite framfor seg. Men med det same kyrkjeklokka tok til å ringja, letta det og dei såg hamna. Hendingar som denne gjorde inntrykk på den unge guten. Sikkert er det også at det færefulle nettopp i slike situasjoner var med og gav han inspirasjon til å skildra livsens ville og lunefulle vegar i overført og djupare meinings. Men også det fredelege og trygge tilveret i lund og li, skapte idérikdom og bakgrunn for skildringa av livet med Gud, slik me nemnde det innleiingsvis.

## Lærear

I 1852 sökte han seg inn på Tromsø lærar-

skule. Tida her vart meiningsfylt og rik. Han var ingen tilskodar i det som gjekk føre seg. Levande interessert og engasjert tok han del i både handelsliv, kulturliv og kristenliv. Når det gjaldt det siste, var han med i ei sterkt og omsegripande vekking i byen. Elias Blix vart forfærd over kjenslerusen som greip dei vekte. Han innsåg meir og meir at han hadde mest å henta i den kristne arven heimanfrå. Etter nokre år som lærar i Tromsø, kom han i september 1859 til Christiania. Han hadde bestemt seg for å ta examen artium og gå i gang med det teologiske studium og verta prest. Dette målet nådde han. Han tok teologisk embeteksamen i 1866.

## Et NEI med fylgjer

Om sommaren drog han på vitjing til heimbygda si i Nordland. Der vart han teken vel imot. Dei tykte det var gjævt å få vitjing av ein bygdeson som var prestelærde. Helst ville dei høyra han preika i Gildeskål kyrkje. Blix reiste difor over fjorden til soknepresten for å høyra om dette let seg gjera, men soknepresten sa NEI. Han meinte visst det var usømeleg at ein son av ein fattig fiskar og bonde skulle gå opp i rang med ein geistleg embetsmann og preika Guds ord frå prekestolen i kyrkja. Denne hendinga gjorde eit sårt inntrykk på Blix,- og ho kom til å prega heile framtida hans. Med vemod reiste han frå heimbygda si og han kom aldri attende.

## Vitskapsmann og professor

Han slo seg ned i Oslo og valde vitskapen,- orientalske språk som livs- og yrkesveg. Han gifte seg i 1871 med Emma Hansen,- ei kvinne av bondeætt frå Høland og saman med henne bygde han opp ein god heim, der dei fekk 9 born. I 1871-73 studerte han i Tyskland og kom så attende til Oslo og vart utnemnd til dosent i semittiske språk ved Universitetet i Oslo. I 1876 tok han den filosofiske doktorgraden. Året etter skipa Stortinget et ekstraordinært professorat for han.

## Statsråd

Blix var også innom politikken. Frå 1884 til 1888 var han kyrkjeminister i Johan Sverdrups riksstyre, for han så vende attende til det store interesseområdet sitt: Språkvitskapen. Han vart frå no av igjen knytt til Universitetet, der han var professor og lærar i hebraisk for teologiske studentar. Denne stillinga hadde han til han døydde i 1902.



Elias Blix

#### "Mannen i kyrkjebenken"

Elias Blix vart altså aldri prest og forkynnar av Ordet i vanleg meining. Han vart «mannen i kyrkjebenken», som biskop Eivind Berggrav har kalla han. I denne posisjonen dikta han mange av salmane sine. Han kjenner kyrkjelyden og veit kva den ber på av anger og sorg, tvil og tru, lov og pris og målber alt dette framfor Gud. Likevel kan han òg stiga fram og med myndige, sterke ord vera formanande, åtvarande og rettleiande. (Sjå t.d. salmen: «Som du dømer, får du dom...»). NoS, nr. 699).

#### Lovsong på nynorsk

Ei sak som gjer Blix-salmane vel omtykte av mange, er at dei er skrivne på nynorsk. Han var faktisk den fyrste nynorske salmediktaren i landet. På ein fest for Elias Blix i Oslo i 1901 gav han uttrykk for kvifor han hadde gått over frå bokmål til nynorsk: "Eg ville prøva

leggja salmane og Guds ord i det heile inn til hjarta på dei mange av vårt folk, som talar eit målføre som er langt meir nærskyldt med landsmålet enn med bokmålet. Eg ville at også me skulle prøva lovsyngja Krist på vår eigi tunga."

#### Framleis aktuell!

Sjølv om han ikkje vart prest, har han nådd lenger ut med Guds Ord gjennom salmane sine enn dei fleste geistlege ved forkynninga si. I kyrkjelydane utover landet vårt er Blix-salmane ofte i bruk i gudstenestene, og bodskapen om frelsa i Kristus vert formidla på ein tydeleg og mild måte. Frå plassen sin «benken» gjev han framleis kunnskap og kjennskap som siktar mot kristen oppbyggjing. Mange er dei kyrkjelydslemer som haustar frukter i form av inspirasjon, oppmuntring og glede gjennom salmane frå Elias Blix,- ad majorem Dei gloriam!



## Soknerådsvalet 2011 Frist for innlevering av kandidatlister m.v.

Nominasjon av kandidatar til soknerådsvalet skjer i tida fram til 1. mai 2011. Framlegg på kandidatar til soknerådet kan meldast til sokneråda i Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats, Skjold, Vikebygd, Bjoa og Ølen v/ leiarane (sjå oversyn s. 2 i Hyrdingen) innan 27. april.

Valføre er medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som seinast i 2011 fyller 18 år, og som ikkje er frådømt røysteretten i andre offentlege val.

Det er høve til å levere inn alternativ kandidatliste innan fristen 1. mai 2011. Framlegg til kandidatliste skal vere underskriven av 10 røysteføre medlemmer. Ein av underskrivarane skal førast opp som kontaktperson. Kandidatar skal vere oppført med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og alder, samt adresse og yrke/stilling. Kandidatlista skal ordnast i prioritert rekkefølgje (ikkje alfabetisk). Kandidatlister bør ha minst 40 % representasjon av kvart kjønn, og minst 20 % representasjon av ungdom under 30 år.

Kyrkjevalet finn stad (11.-) 12. september 2011, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på leke medlemmer av bispedømmerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

**Kyrkjevalet  
2011**

[www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)



Born som ikkje går på skule .

# Madagaskar

Tekst og foto: Anne Marie Reimers

Ei helsing med takk for hjelpa frå desse borna som nå fekk byrja på skulen i Manakara. Desse borna får også eitt måltid mat midt på dagen. Dette er born av fattige foreldre som ikkje har funne mogiligheter for å sende borna på skule. Dei har nok med å skaffa mat for kvar dag.



Matpause for arbeidarane



Pako sit klar for å skrive namnet på dei som vil byrja på skulen.




Start på bygging.



Skulehuset/barnehage reist





## Barnekryssord

### VANNRETT

1. Klokke
4. Stengsel
6. De ruller
8. Sprøyter
11. Hånd
12. Lever

### LODDRETT

2. Triller
3. Smeltet snø
5. Ordne
6. Skremmeord
7. Ha en kort stund
9. Første kvinne
10. Roald Eriksen

## Sokneprest Sigrunn Hagen Arnesen fyller 50 år 2. mai

Vi inviterer til åpent hus i prestegården i Skjold 2. mai frå kl 14.00.

Sigrunn blir glad for ei gåve til venner i Ihosy på Madagaskar.

Sigrunn, Martin Ivar og jentene



## Min song

*Herdis Pedersen, Vikedal*

Det er mange songar av Trygve Bjerkheim som har vore til hjelp og trøyst for mange med den enkle og jordnære måten han skreiv på.

Songen -Det finst ingen grunn til mismod for deg som på Kristus trur - (Nr 300 i Sangboken) har den siste tida blitt min song. Sjølv om det har vore mest solskinnsdagar i livet mitt, så har det likevel storma innimellom.

For 1 ½ år sidan fekk Henry, mannen min, kreft og død etter eit kort sjukelie. Samstundes fekk også sonen vår kreftdiagnose. Heldigvis kan vi gleda oss over at han er tilbake i arbeid igjen.

Ein dag etter begravelsen til mannen min så køyrdé eg til Haugesund. Eg sat aleine i bilen, sette på ein kasset som låg der. Då kom denne songen av Trygve Bjerkheim som eg lytta til og den gjorde meg så godt der eg sat med mine tankar.

Seinare har dette blitt ein song som har gitt meg gode stunder og trøyst til å gå vidare.

Eg har jo røynd at Vår Herre tar ikkje bort alle problemer, men Han fører oss igjennom dei.

*Det fins ingen grunn til mismod for den som på Kristus trur  
Når han fylgjer med på ferda, kvi då ganga trist og stor?*

*Kor:*

*Det fins ingen grunn til mismod for deg som på Kristus trur!  
Det fins ingen grunn til mismod for deg som på Kristus trur*

*Det fins ingen grunn til mismod! Når Gud er din gode Far.  
Han alt til det beste vender, Sjølv lagnaden beisk og hard.*

*Det fins ingen grunn til mismod. So ver då frimodig du!  
Og la ikkje hjarta ottast! På Gud og på Kristus tru!*

*Det fins ingen grunn til mismod Om båror mot båten slær.  
Når dei vil i kav deg draga, er Jesus med hjelpa nær.*

*Det fins ingen grunn til mismod. So syng då eit takkekvad!  
Det lysnar av dag der framme. Ver hugheil, mi sjel, ver glad*

## ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til  
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMygs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMygs LUNDENESET VGS




5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## GRAVSTEIN



Se vår  
store  
utstilling,  
eller ring  
og be om  
katalog.

Se også vår hjemmeside:

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

**Ørpelveitsvn. 59**  
**tlf. 52 70 42 90**

Åpningstider:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



**KYRKJETUNET**  
ØLEN BEDEHUS OG KYRKJELYDSSENTER

[www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)

### April-11

Torsdag 14.	kl.10.30	Tripp Trapp
Torsdag 14.	kl.19.30	Bibeltime
Tysdag 26.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 26.	kl.18.30	Klubb
<b>Mai-11</b>		
Torsdag 5.	kl.11.00	Torsdagstreff
Søndag 8.	kl.16.00	F-16
Torsdag 12.	kl.10.30	Tripp Trapp
Torsdag 12.	kl.19.30	Kvinneforum
<b>Juni-11</b>		
Søndag 5.	kl.16.00	F-16

Bønnemøte kvar onsdag kl. 20.00.

## Nedre Vats Helselag har eldretreff på Vindafjordtunet

Palmesøndag 17. april, kl 15:30.  
Andakt v/Bjarne Hjelvik;  
Song, kaffekos og utlodning



**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



**Primærtjenesten Bjoa AS**

**Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted**

TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

# FRÅ KYRKJEBOKA

## VIKEDAL

**Dåp:**

06.03. Torstein Espenvoll,  
Lasse Bjørnson Andreassen

**Døde:**

06.02. Ola Roalkvam f.1914

## IMSLAND

**Dåp:**

11.02. Bård Ersland,  
Mari Ersland

**Døde:**

13.02. Osmund Jakobsen Kvaløy f.1925

## SANDEID

**Dåp:**

06.02. Viktor Tvedt Haarde,

Eirik Halleraker

27.02. Tor Olav Langelid,  
Andreas Larsen

**Døde:**

16.02. Brita Stople f.1922

18.02. Åge Bakkedal f.1963

27.02. Reimund Reime f.1962

16.03. Mary Søndenå f.1922

## SKJOLD

**Døypete:**

27.02. Halvar Levi Mangrud

13.03. Emma Strand,  
Johanna Frøyland-Utbjo

**Døde:**

31.01. Karl Frøyland f.1920

## VATS

**Døypete:**

23.01. Sander Hustoft,  
Magnus Voll

20.03. Maren Steinnes

**Vigde:**

29.01. Wenche Rørtveit og Arild Eide

**Døde:**

06.01. Solveig Thorkildsen f.1921

31.01. Brit Lande f.1923

16.02. Peder Vatne f.1917

## ØLEN

**Døde:**

09.02. Hans Andreas Småbrekke f. 1953

27.03. Trygve Handeland f. 1921

**Døypete:**

27.02. Liva Bjørnevik

27.02. Leah Dalaker

13.03. Noah Berge

13.03. Dennis Søndenå

27.03. Kasper Hustveit

27.03. Ådne Steinsland Halsnes

**Vigde:**

26.03 Ingeborg Handeland Feed og  
Ståle Edvard Reinsnes

## BJOA

**Døde:**

29.01. Berta Romsa f. 1927

23.02. Selma Marie Hjellestad f. 1923

05.03. Hans Kristoffer Hansen f. 1916

22.03. Aase Handeland f. 1921

25.03. Bjørg Hetland f. 1959

**Døypete:**

06.02. Adrian Bergsvik Knudsen

## VIKEBYGD

**Døde:**

17.03. Elisabeth Ulvebne f. 1906

24.03. Kristine Skartland f. 1921

**Døypete:**

20.03. Reiar Winterhus Julsrud

## MØTER OG KUNNGJERINGAR

Innbjoa bedehus	Bedehusmøter	På onsdagar i oddetalsveker kl. 19.30
	Bønn/samtale songkveld	På onsdagar kl. 18.00 i partalsveker
	Credo for 5.-7.kl.	På torsdagar i oddetalsveker kl. 18-20
Bjoa kyrkje	Øving for barnekoret	Torsdag i oddetalsveker kl. 18-19
Vågen bedehus	søndag 1.5	Friluftsgudsteneste
	onsdag 4.5	Bønnemøte
	søndag 8.5	Møte v/ Aud Vihovde Hoftun Normisjon
	onsdag 11.5	Bønnemøte.
	søndag 15.5	Konfirmasjon
	tysdag 17.5	17.mai fest kl 19.00 Tale v /Arild Markussen
	onsdag 18.5	Bønnemøte
	søndag 22.5	Film kveld
	onsdag 25.5	Bønnemøte
	søndag 29.5	Søndagsmøte
	24.-26. juni	Indremisjonen sitt årsmøte i Ølen Idrettshall
Vikebygd Bedehus	15.4 kl 19:00	Bedehusbasar m/ årsmøte
	16.4 kl 15:30	Laurdagsklubben
	30.4 kl 15:30	Laurdagsklubben
	12.5 kl 11:00	TrippTrapp
	14.5 kl 15:30	Laurdagsklubben i parken



## Samtalegudstenester:

### 27. april kl 19.00 Sandeid kyrkje

(Konfirmantfest etter gudstenesta)

### 29. april kl 19.00 Vats kyrkje

(Konfirmantfest etter gudstenesta)

### 4. mai kl 18.00 Vikedal kyrkje

(Konfirmantfest etter gudstenesta)

### 6. mai kl 19.00 Skjold kyrkje

(Konfirmantfest etter gudstenesta)

### 11. mai kl 18.00 Imsland kyrkje

(Konfirmantfest etter gudstenesta)



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 9. juni  
Stoff kan sendast til:

Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no

Frist for innlevering av stoff: 21. mai

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudsteneste	Vikedal Prestegjeld	Skjold Prestegjeld	Ølen Prestegjeld
<b>17.april</b> Palmesundag Joh 12,1-13	<b>Sandeid kl 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer: Bedehuset Utd. av Tripp-trapp	<b>Skjold kl 11.00</b> Familiegudsteneste Offer: Sundagsskulekrinsen	<b>Bjoa, Vikestølen kl 13.15</b> Friluftsgudsteneste. Takkoffer til Utstein pilegrimslogg.
<b>21.april</b> Skjærtorsdag Luk 22,14-20	<b>Vikedal kl 19.00</b> Høgmesse Nattverd Takkoffer: Ungdom i oppdrag	<b>Vats kl 17.00</b> Nattverdgudsteneste Offer: Sjømannskirken Kveldsmat Kårhus bedehus	<b>Ølen kl 19.30</b> Nattverdgudsteneste. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband
<b>22.april</b> Langfredag Luk 22,39-23,46	<b>Imsland kl 11.00</b> Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Rogaland	<b>Skjold kl 11.00</b> Pasjonsgudsteneste ”Jesu 7 ord på korset”	<b>Bjoa kl 19.30</b> Pasjonsgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
<b>24.april</b> 1.Påskedag Matt 28,1-8	<b>Sandeid kl 11.00</b> Høgtidsgudsteneste m/nattverd Takkoffer: Feedback <b>Imsland kl 19.00</b> Høgtidsgudsteneste m/nattverd Takkoffer: Frelsesarmeene	<b>Vats kl 11.00</b> Høgtidsgudsteneste m/nattverd. Offer: Normisjon	<b>Ølen kl 11.00</b> Høgtidsgudsteneste.Takkoffer til Indremisjonssamskipnaden. <b>Vikebygd kl 17.00</b> Høgtidsgudsteneste.Nattverd. Takkoffer: NLM
<b>1.mai</b> 1.s.e.påske Joh 20,19-31	<b>Sandeid kl 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Kirkens Bymisjon	<b>Skjold kl 11.00</b> ”Fargerikt fellesskap” Offer til KIA	<b>Ølen kl 12.00</b> Friluftsgudssteneste Vakadalen Takkoffer: Klubb, Kyrkjelunet
<b>7.mai</b>		<b>Vats kl 11.00</b> Konfirmasjon. Offer: Lovsangsheimen i Thailand	
<b>8.mai</b> 2.s.e.påske Joh 10,11-16	<b>Vikedal kl 12.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Vats kl 11.00</b> Konfirmasjon. Offer: Lovsangsheimen i Thailand	<b>Bjoa kl 11.00</b> Konfirmasjon Takkoffer: Stavanger bispedøme
<b>15.mai</b> 3.s.e.påske Joh 16,16-22	<b>Imsland kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Skjold kl 12.00</b> Konfirmasjon. Offer: Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja	<b>Ølen kl.11.00</b> Konfirmasjon Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid
<b>17.mai</b> Grunnlovsdag Luk 1,50-53	<b>Imsland kl 10.00</b> Takkoffer: Redd Barna <b>Sandeid kl 11.30</b> Takkoffer: Amnesty international. <b>Vikedal kl 13.00</b> Takkoffer: Amnesty internati.	<b>Vats kl 10.00</b> Korpset og Miniklang deltek. Offer: Kirkens Bymisjon <b>Skjold kl 11.30</b> Korpset og barnekoret deltek. Offer: Kyrkjelyden	<b>Vikebygd kl 10.00</b> Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet <b>Ølen kl 11.30</b> Takkoffer: Bibelskulen Bildøy <b>Bjoa kl 11.15</b> Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid
<b>22.mai</b> 4.s.e.påske Joh 16,5-15	<b>Vikedal kl 11.00</b> Høgmesse Nattverd Takkoffer: KIA	<b>Skjold kl 17.00</b> <b>G17-gudsteneste.</b> Nattverd. Søndagsskule. Offer: Navigatørane. Kveldsmat	<b>Vikebygd kl 11.00</b> Konfirmasjon. Offer: Misjonsprosjekt
<b>29.mai</b> 5.s.e.påske Ef 3,14-21	<b>Sandeid kl 11.00</b> Kystkulturgudsteneste Takkoffer:	<b>Vats kl 11.00</b> Generasjonsgudsteneste Nattverd. Barnas kyrkjestund. Offer til Misjonshøgskolen	<b>Ølen kl 11.00</b> Dåp og nattverd. Takkoffer: KRIK
<b>2.juni</b> Kristi himmelfartsdag Luk 24,46-53	<b>Imsland kl 12.00</b> Familiegudsteneste for heile prostiet. Takkoffer: Retreat- og pilegrimsarbeidet i fylket.		
<b>5.juni</b> 6.s.e.påske Joh 15,26-16,4a	<b>Vikedal kl 11.00</b> Høgmesse Nattverd Takkoffer: Sundagsskuleforbundet	<b>Vats kl 19.00</b> Nattverd. Offer: Kyrkjelyden.	<b>Bjoa kl 11.00</b> Misjonsgudsteneste med representantar for misjonsprosjekt. Takkoffer til misjonsprosjekt. Nattverd

*“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)*